

Kommunen har vore i kontakt med bygningsvernmynde hos Viken fylkskommune, som ikkje hadde merknader til tiltaket. Fylkesmannen i Oslo og Viken vart ikkje varsla, da interessene Fylkesmannen er meint å ta vare på er vurdert til å ikkje bli rørt ved.

Det skal ikkje gjerast endringar av storleiken på annekset, og heller ikkje fasade og rombruk. Utover at tilbygg mot nordaust blir fjerna, og istaden bygd vindfang ved inngangen. Tiltaka er vurdert som vedlikehald/ unnateke søknadsplikt, slik at det bare er trong til dispensasjon frå LNFR-føremålet for flyttinga av annekset.

Med helsing

Trond B. Augunset
leiar plan og utvikling

Borgar Underdal
byggesaksbehandlar

Godkjent og ekspedert uten underskrift

Høve til å klage

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Oslo og Viken. Klage skal stilast til Fylkesmannen, men skal sendast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen vedtaket kom fram. De må opplyse datoen for mottak av vedtaket, kva for vedtak de klager på, endringar de ynskjer, og dei grunnar klagen støttar seg på. Klagen må vera underskriven.

Sjølv om det er høve til å klaga, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. De kan søkja om å få utsatt iverksetjing til klagefristen er ute, eller til klagen er handsama. Vedtak om utsatt iverksetjing kan ikkje påklagast.